



Kvinnherad kommune
v/ Ordførar Synnøve Solbakken
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Dato: 19.12.2014
Vår ref.: 2014/15824-3
Saksbehandlar: nilgrud
Dykkar ref.:

Svar på spørsmål frå kommunestyret i Kvinnherad kommune om status for Fjelbergsambandet

Vi viser til e-post av 27.11.14 frå ordførarar Synnøve Solbakken til seksjonsleiar for vegseksjonen på samferdselsavdelinga, John Martin Jacobsen, der ordføraren refererer til spørsmål frå kommunestyret om status for arbeidet med Fjelbergsambandet.

Samferdselsavdelinga viser i denne samanhengen til referat frå møte 20.06.14 mellom ordførar Synnøve Solbakken og andre representantar frå Kvinnherad kommune, representantar frå Fjelberg bygdalag, representant frå Statens vegvesen, representantar frå kultur- og idrettsavdelinga i fylkeskommunen og representantar frå samferdselsavdelinga (sjå vedlegg).

Det er to viktige punkt i referatet frå møtet som vi meiner det er grunn til å trekke fram. Det eine er konklusjonen når det gjeld eit eventuelt arbeid med reguleringsplan for Fjelbergsambandet (utdrag frå referatet nedanfor).

«Håkon Rasmussen (fylkesdirektør samferdsel) viste til at det ikkje er fornuftig å sette i gang med eit reguleringsplanarbeid når ein ser at det ikkje er realisme i eit prosjekt. Ein ønskjer ikkje å gå inn i eit arbeid som ender opp i full stopp. Rasmussen oppmoda dei ulike partane på møtet å gjere det ein var kome fram til i møtet, og så får ein dra konklusjonar for framtida for Fjelbergsambandet utpå hausten 2014.»

Etter det vi kan sjå er det ikkje framkome noko nytt i høve til Fjelbersambandet frå nokon av partane, og per i dag er fortsatt konklusjonen frå Hordaland fylkeskommune at det ikkje er fornuftig å setje i gang arbeidet med ein reguleringsplan som det ikkje er realisme i.

Det andre punktet i referatet som vi vil trekke fram er at fylkesdirektør for samferdsel bad om at det vart laga eit kort notat frå kulturavdelinga som kort konkretiserer kvifor dei søraustlege alternativa ikkje er gangbare.

Kulturavdelinga viser i denne samanhengen til høyringssvaret frå Hordaland fylkeskommune i 2008 i samband med høyring av kommunedelplanen for Fjelbergsambandet: Her heiter det m.a.:

«**Veg-/brualternativa 2D og 2E-2** har eit felles strekk i frå ny ferjekai ved Munkura opp til eksisterande skogsbilveg og så sørover ut mot Langaneset. I samband med kryssing av sundet skal det først etablerast ei 3,5 m høg fylling ut til Kyrkjeholmen. På Kyrkjeholmen går alternativ 2E-2 i bru mot sør og 2D går i bru mot vest.

Kulturminnekonfliktane i alternativ 2D og 2E-2 er store. Det er kjent fleire automatisk freda kulturminne i området. Alternativ for vegframføring 2D/2E-2 vil begge vera i direkte konflikt med ei

registrert nausttuft på Fjelbergøy (ID 112152) Førhistoriske aktivitetsplass, dyrkingsflate (ID 112153, 112154) og to av dei registrerte gravrøysene på Karteigklubben (ID 25937). Fylling og bru vil og vera i konflikt med omsyn til Fjelberg prestegard, listeført kyrkjestad (ID 84145). Alternativ 2E-2 vil og i tillegg til vera i direkte konflikt med gravrøys (ID 6394) sør på Karteigklubben.

I dette området har Riksantikvaren i samband med ei klagesak om frådelling av ei hyttetomt i sitt svarbrev datert 14.04.2008 skrive følgjande:

”Gravrøysene i området Sydnes/Borgundøy/Fjelbergøy er den største samlinga av kystrøyser i Hordaland, og kulturminna i området utgjer eit viktig kulturmiljø som må takast vare på.”»

Som kjent enda saka med at Kvinnherad kommune i 2012 kunne eigengodkjenne kommunedelplanen for Fjelbergsambandet etter at det vart gjort justeringar med alt. 2A slik at ein omgikk det freda kultminne på Krekjarhaugen på Borgundøy.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Nils E Grude
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.